

Rettferd og fred i Aust-Jerusalem

Fråsegn frå Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, 14. mai 2009

I desse dagar feirar Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet 50 år som sjølvstendig kyrkje. I Jerusalem utfører den lutherske kyrkjelyden ei teneste for sitt folk og for heile det verdsvide kyrkjelege fellesskapet ved å vitne om Jesus Kristus gjennom bøn, forkynning og teneste i byen der Jesus Kristus forkynte, vart krossfest og sto opp att. Ein markerer også 30 år med arabisk bispeteneste der, og at det er 170 år sidan luthersk misjonsarbeid tok til i området. Mellomkyrkjeleg råd ynskjer Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet med sin biskop, Munib Younan, Guds velsigning og styrke til å halde fram med sitt vitnemål og si teneste ved dette jubileet.

Kyrkja arbeider for ein rettferdig fred i Palestina og Israel. Kyrkja har ei særleg oppgåve i å arbeide for at Jerusalem vert ein fredsbys by for jødar, muslimar og kristne. Internasjonal rett må gjelde, og menneskerettane for alle må respekterast. Jerusalem er ein heilag by, difor har dei tre religiøse gruppene eit særleg ansvar for å arbeide for at dei tre religionane kan leve saman der i respekt for kvarandre. Det har lenge vore eit mål for Den norske kyrkja og det internasjonale kyrkjefellesskapet å arbeide for dette. Det er stadfesta av Kyrkjemøtet 2008. Dette har også kome fram ved pavebesøket i Det heilage landet nyleg.

Ved dette høvet vil Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja særleg be om at kyrkjene og det internasjonale samfunnet tek den vanskelege situasjonen i Aust-Jerusalem på alvor. Den viser mange sider av dei aktuelle problema som må løysast på ein rettferdig måte. Fordi Aust-Jerusalem har vore okkupert av Israel sidan 1967, har palestinarar i denne bydelen avgrensa rettar. Etter ein FN-rapport frå april 2009 opplever dei no at israelske styresmakter øydelegg palestinske bustader i stort omfang, og at israelske busetnader vert bygde i stort omfang. Det gjer det enda vanskelegare enn før å skaffe husvære for palestinske familiar. Dessutan bryt muren som Israel har bygd dei naturlege og viktige familiære band mellom innbyggjarane i Aust-Jerusalem og i dei andre palestinske områda. Ein kan ikkje leve saman med sin eigen ektefelle, dersom vedkomande bur på Vestbreidda eller i Gaza. Muren gjer det også ofte svært vanskeleg for palestinarar å kome til sine heilage stader i Jerusalem, på arbeid eller til sjukehus i Aust-Jerusalem. I tillegg til dei store praktiske problema dette inneber, er dette audmjukande og utmattande.

I denne situasjonen må det internasjonale kyrkjelege fellesskapet og det internasjonale samfunnet krevje at menneskerettane for innbyggjarane i Aust-Jerusalem vert respekterte. Det må innebere mellom anna at dei urimelege husøydeleggjingane opphøyrer umiddelbart, og at ein kan få bygd nye bustader for palestinarar i Aust-Jerusalem. Vi ser prosjektet med å byggje bustader for palestinske kristne familiar på eigedomen til Det lutherske verdsforbundet på Oljeberget som svært viktig i så måte, og er glade for den støtte norske styresmakter alt har gjeve dette tiltaket.

I juni markerer vi saman med andre kyrkjer i Kirkenes verdensråd den årlege veka for solidaritet og fred for Israel og Palestina. Også dette året ber vi kyrkjelydane markere dette og ber om fred for både det israelske og palestinske folket. Begge folk treng at det vert ein rettferdig fred utan vald og okkupasjon.